



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 07.11.2016

Til stades: Tellef Solås, Adle Helen Tveiten Øya, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref).
Fotballgruppa v. Kai Slåkvik, håndballgruppa v. Ingvild Øverland, skigruppa v. Terje Øverland,
sykkelgruppa v. Henk Stel, friidrettsgruppa v. Inge Nilsen.

Fråfall: Ridegruppa og A-laget.

Sak 64 /16 Gjennomgang av referat frå styremøte 03.10.2016

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 65/16 Ny heimeside Seljord IL.

Hans Inge har utarbeida ny heimeside for Seljord IL. Her kan ein finne informasjon om kontaktpersonar i kvar undergruppe, ein beskrivelse av den enkelte gruppa, treningstider og informasjon om diverse arrangement og liknande. Informasjon om kontaktpersonar og beskrivelse av den enkelte idrett skal gjerast likt av alle, elles er det opp til gruppene kva dei vil ha med av ekstra informasjon.

Hans Inge skal ha opplæring i bruk av heimesidene etter kvart, fram til då kan ein melde endringar til han. Ein person i kvar undergruppe skal ha ansvaret for å følgje opp dette. Ber undergruppene ta det opp raskast mogeleg og helst ha klar ein ansvarleg til neste hovudstyremøte 05.12.16.

Heimesida til Seljord IL skal prioriterast før FB sidene, da denne sida er tilgjengeleg for alle. Elles blei det nemnt at ein bør ha eit standardnavn på alle FB gruppen, per i dag er det mange variantar på dette. Arve Myrvang er nå administrator for alle FB gruppene og vil fortløpande oppdatere informasjonen her.

Sak 66/16 KlubbAdmin

SIL har nå tatt i bruk KlubbAdmin. Det er mykje arbeid pga manglande ajourføring av medlemslistene. Dette MÅ undergruppene vere flinke til, noko som vil lette arbeidet betrakteleg. Det blir opplæring i bruk av KlubbAdmin på nyåret. Elles er det sendt ut resterande medlemskontingentar per post.

Sak 67/16 Idrettsskule, status etter oppstart.

Veldig bra oppmøte på 5-6 års gruppa med ca 30 stk. Det har vore ca 12 stk blant 7-8 åringane og det har tatt seg litt opp i 9-10 års gruppa med ca 7 stk.

Innimellom hender det at det blir endringar på kvar gruppene skal være. Styret blei einige om at den som er ansvarleg på den aktuelle idretten skal melde ifrå til Hans Inge som oppdaterar treningsplanen på heimesidene.

Når det gjeld dei to største gruppene har det vore ca 12 stk på 11-12 år og ca 17 stk på 13+. Dette er mindre enn i fjor. Mogeleg ein skal markedsføre dette litt meir, legge vekt på nytten av denne treninga i dei forskjellige idrettane, mtp bl a skadeforebygging.

Kai kjem med forslag om å legge dette ut på fotballsiden, sidan det har vore lite oppmøte frå denne gruppa i år.

Det har kome inn ein forespørsel om innkjøp av medisinalar til bruk under basistreninga. Inge skal søke om spelemidlar til dette.



Karategruppa har ønske om å bruke eit anna lokale til trening. Prisen er den same som leige av Granvin. Viktig at dette ikkje gjeng ut over Granvin i den forstand at det blir mykje ledig kapasitet der og igjen tapte leigeinntekter. Dette er ikkje noko problem då SIL har mange som treng treningstid i hallen. Styret vedtek at dette er ok.

Sak 68/16 Status årshjul

Nr 26/27: Treningsgebyr idrettsskulen: sendast ut snart.

Nr 28: Treningsgebyr handballgruppa: Utsetjast til februar, då ein fekk inn gebyret for 2015 i februar i år.

Sak 69/16 Økonomistatus med rapport frå undergruppene med gjennomgang av handlingsplan Hovedlaget:

Økonomi: ligg godt an.

Fotballgruppa:

Økonomi: ok, kjem litt meir utgifter frå bl.a A-laget. Har sendt ut purring på treningsgebyr til A-laget. Skal også sende ut purringar på eigenandelen for dei som var på Norway Cup, manglar ein del innbetalingar her.

Planlegg trenar/oppmann møte for oppsummering av årets sesong og planlegging av neste.

Mykje jobb med å skaffe trenarar og oppmenn. Planlegg årsmøte.

Kvalitetsklubb: Kai Slåkvik og Arve Myrvang jobbar med dette. Har utarbeida eit forslag til klubbhandbok, som er sendt ut til trenarar/oppmenn for tilbakemelding. Har ikkje fått nokon kommentarar på denne.

Elles jobbar dei med å skaffe folk til konkrete oppgåver i staden for styreverv, som for eksempel å ha ein kioskansvarleg på Eventyrøy, ønsker også å få ein ansvarleg for jente/damelag.

Det blir mykje utskifting i styret i år, mange på valg.

Håndballgruppa:

Økonomistatus: ok.

Hatt treningshelg med Region Sør igjen, bra oppmøte på 4-5 klassingane, men labert på dei andre gruppene. Fortsett med vidare samarbeid med Regionen.

Elles har det starta mange nye på J10, dei er nå over 20 spelarar og det er også nokre nye på J12. J10 og J12 hadde seriekamp og treningskamp i hallen søndag 06.11.16, det blei ny publikumsrekord og kjempestemning i hallen!

Jobbar med å rekruttere trenarar.

F.o.m. 01.01.17 er det krav om digitalt kampsekretariat, dei treng derfor ein PC. Hans Inge ordnar det. Denne skal også brukast av skigruppa.

Skigruppa:

Økonomi: ok, har fått inn ein del sponsorpengar.

Har tråkka sole med scooteren i Raudkleiv. Reknar med å ha skiskyttartreninga ute denne veka. Har hatt dugnad i skileikanlegget, kun to stk som møtte, begge frå styret. Diskuterar litt rundt det å jobbe meir aktivt for å få folk til å stille, for eksempel ved å sende melding direkte til foreldra til ungane i skigruppa og skikarusellen. Hans Inge kan gjere dette, så sei i frå til han ved behov.



Friidrettssgruppa:

Økonomi: ok.

Har hatt kontakt med skulen som har benytta seg ein del av treningsanlegget på Eventyrøy. Tellef, Inge og Kai vil komme med eit forslag til leigeavtale med kommunen på bruken av anlegget.

Planlegg aktivitetar til neste år, bl.a. Raudkleiv upp. Treng sponsorar.

Jobbar med årsrapport.

Sykkelgruppa:

Økonomi: treningsavgift er kreditert.

Har hatt styremøte og har avtalt eit nytt.

Jobbar med å planlegge satsing for neste år.